



## Framlegg til budsjett 2019 for Meland kommune

Til kommunestyrerepresentantane

No er skulebudsjettet for 2019 lagt fram. Vi i Utdanningsforbundet Meland, som organiserer mesteparten av det pedagogiske personalet i skulen, vil sterkt åtvare mot å vedta det framlagte budsjettet! Slik vi ser det, vil dette ha store negative konsekvensar for elevane våre og deira skulekvardag.

Til dømes: Ein allereie sprengt Meland ungdomsskule vil få eit auka elevtal med nærare 70 prosent. Desse er det ikkje klasserom til og ein må difor ty til provisoriske løysingar. Modulbygga som er tenkt brukt, vil ta delar av skuleplassen som elles vert nytta til positiv aktivitet både i friminutt og på kveldstid. Klasseromma vil bli fylte til randen med mykje større klassar, både på Meland ungdomsskule og mellomsteget på Rosslund. Kantineområdet og inneareal elles på Meland ungdomsskule er ikkje dimensjonert for ein så stor auke i elevtalet. Meland ungdomsskule har heller ikkje kroppsøvingsanlegg.

Elevane i kommunen må bussast i mykje større grad enn no. Også små born heilt ned i fyrste klasse på Rosslund skule, må bussast til og frå SFO på Vestbygd skule. Dei er så små at dei må ha fylgje. Elevar som no har skulen i nærområdet, og kan gå eller sykle til skulen på Vestbygd og Rosslund, må i framtida ta bussen.

Vi trur alle ser at desse endringane vil ha negative følgjer for oppvekstmiljøet for det som framleis er Meland kommune. Det gjeld også administrasjonen som har lagt fram dette budsjettet. Vi kritiserer ikkje rådmannen og hans stab som har hatt i oppdrag å legge fram eit budsjett i balanse. Men her må kommunestyret ta ansvar og sørge for eit skulebudsjett som ikkje riv ned det som er bygd opp gjennom fleire år.

Med vennleg helsing  
Utdanningsforbundet i Meland  
HT Adolf Hovgaard